

* Kjøttmarknaden

Trur slakterikjøp svekkar konkurranse



Fakta Slakterioppløpet

- * Nortura kjøper slakteridelen av Prima Gruppen, eideomnane og 49% av skjerreselskapet til Prima for 514 mill. kr.
- * På sikt er det planar om å utvide anlegget i Hå på Jæren til å bli landets klart største.
- * Konkurransetilsynet godkjenner planane denne veka.
- * Nortura er landets største kjøttkonsern, med 67 % av marknaden på slakt og nær 50 % i sluttmarknaden. Prima Gruppen har 4 % av slaktet, men ein større del av sluttmarknaden.

Slakterisamarbeid: Nortura kjøper slakteriet til Prima Gruppen i Kvamarka på Jæren og har forpliktet seg til å levere ei viss mengde helslakt til Prima dei neste fem åra. Aktørane vil samarbeid

Flere bønder i sørvest er kritiske til at Nortura kjøper konkurrenten Prima Slakt. Dei fryktar redusert konkurranse, men fagfolk tvilar på at det får stor effekt.

Konkurransetilsynet gav onsdag grønt lys til Nortura-oppløpet av slakteridelen av Prima Gruppen på Jæren. Fleire bønder som leverer slakt til Nortura-konkurransen er bekymra for at oppløpet vil føre til redusert konkurranse og dårlegare bondeøkonomi. Ein av dei er talspersonen for bondene som leverer til Q-meieriene, Trond Kristian Refve.

– Oppløpet er veldig negativt for oss produsentar. Det blir reelt sett berre to slakteri igjen. Til sist trur eg det vil gå ut over produsentøkonomien, seier Refve, som sjølv leverer slakt til Fatland.

Kristisk til godkjenning

Refve seier han uttalar seg som enkeltbonde, men han reknar med at oppløpet på sikt vil føre

til at også Q-produsentar vil få dårlegare pris for slakter.

– Nortura og Prima seier det blir ei stor effektivisering?

– Ja, men til kor stor pris? Det er vanvittige summar som skal investerast og må inntenast. Då er det ofte produsentane som må betale, seier Refve.

Han ventar at Fatland òg vil justere prisane om konkurrenten Nortura gjer det.

– Konkurransetilsynet burde stoppa oppløpet, sett få eit produsentsynspunkt. Eg trur også Prima-avtalane forsvinn på sikt, for det blir umogleg for Nortura å oppretthalde ulike prisar til bondene, seier Refve.

Hans Eirik Nærland, som leverer til Prima, er òg kritisk.

– Det er negativt for konkurransen når det berre blir to aktørar igjen. Alle pengane dei betalar må inn igjen. Eg trur det vil gå ut over prisen til bondene. Sjølv vil eg sterkt vurdere å skifte slakteri, seier han.

Leiv Kristian Skrettingland, som lenge har levert til Prima, ser litt annleis på det. Han utelukkar ikkje at oppløpet kan ha positiv effekt for prisen til bondene, iallfall på kort sikt. Han er likevel kritisk.

– Eg trur Nortura ville fått Prima langt billigare om dei hadde

KONKURRANSE

«Det blir reelt sett berre to slakteri igjen. Til sist trur eg det vil gå ut over produsentøkonomien.»

TROND KRISTIAN REFVE
BONDE OG FATLAND-LEVERANDØR



FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

Nortura seier alle bønder vil tene på slakterioppkjøpet

Reduserte slaktekostnader vil gi bedre betaling til bøndene, ifølgje Nortura-styrelciar. Konkurrenten Fatland trur konkuransen blir opprethalden.

Styrelciar Sveinung Svebestad i Nortura avviser ikkje at konkuransen på slakterileddet blir påverka av oppkjøpet. Han seier konkuransetilsynet har vurdert det slik at slakterikonkuransen i Rogaland blir tilstrekkeleg opprethalden og han avviser at oppkjøpet vil gi bønder dårlegare prisar.

– Stjølv om ein konkurrent forsvinn, så endrar ikkje vi våre leveringsvilkår. Vi har like vilkår over heile landet, seier Svebestad.

Han seier bønder over heile landet vil tene på at slakterikostnadene går ned.

– Vi får nå på plass eit rasjonelt og framtidsretta slakteri i eit av landets mest dyretette område. Alle bønder vil tene på at vi held slaktekostnadene nede. Det er ein gledeleg dag for norske bønder. Bønder vil få betre betalt. Det er det ingen tvil om, seier Svebestad.

Konkurrent ikkje bekymra

Konkurrenten Fatland, som har to slakteri i Rogaland, trur konkuransen framleis vil vere hard på sørvestlandet.

– Konkuransen i førsteleddet er hard og vi trur den framleis vil vere hard, stjølv om Nortura kjøper opp Prima Slakt, seier konsernsjef Terje Wester i Fatland.

Han viser til at det berre er to aktørar som konkurrerer om slaktet mange stader i landet. Sørvestlandet har saman med Austlandet og Trøndelag vore blant unntaka med tre aktørar.

– Vi ser ikkje at oppkjøpet er særlig problematisk for konkuransen. For vår del kan det snarare by på nokre fordelar, seier Wester.

Han legg ikkje skjul på at han håper oppkjøpet vil føre til at fleire bønder vil bytte slakteri og heller levere dyra til Fatland.

– Vi fekk over 10 nye produsentar då oppkjøpet vart kjent i vår. Fleire har vore i kontakt med oss og vi trur fleire vil melle overgang på sikt, seier Wester.

Fryktar ulik kjøttligang

KI F seier oppkjøpet kan ha fleire problematiske sider. Junli-Hansen stiller spørsmål ved om Prima Gruppen gjennom avtalen med Nortura kan få dekt heile sitt behov for norsk storfekjøtt, medan andre aktørar berre vil kunne få rundt 80 prosent norsk storfekjøtt gjennom forsyningsplikta til Nortura. Det sidan det er for lite norsk storfekjøtt generelt i marknaden.

– Det vil i tilfelle kunne vere konkurransevidande, seier han.

Svebestad seier det i tilfelle kjem an på kva strategi Prima legg opp til.

– Det kjem an på om dei nøyter seg med det dei får av norsk storfekjøtt, seier han.

Svebestad ber KI F bestemme seg for om dei synest forsyningsplikta er viktig eller ikkje.

– Om dei meiner forsyningsplikta er viktig, så bør dei gi signal om det i utvalet som arbeider med marknadsreguleringa, seier han.

Slaktering av kjøtt, men Prima vil ha majoritetskontroll over skjereselskapet.

venta nokre år. Eg trur det var dumt å vere så ivrige, seier han.

Forsvarar vedtaket

Konkuransetilsynet kommenterer bekymninga for redusert slakterikonkurranse slik:

– Vi har vurdert om oppkjøpet, men med dei tiltaka partane har lagt fram ser vi ikkje at konkuransen i slakterileddet blir forverra i strid med føremålet i konkuranselova, seier avdelingsdirektør Magnus Gabrielsen i Konkuransetilsynet.

Han viser til to tiltak. Prima skal framleis ha kontroll på skjereverksenda. I tillegg har Nortura forpliktet seg til å levere heilslakt

avett visst omfang til Prima.

– Bønder er bekymra?

– Vi har vurdert situasjonen, men kome fram til at det ikkje var grunn til å gripe inn, seier han.

Tvilar på stor effekt

Kjøtt- og Fjørtebransjens Landsforbund (KLF) seier slakterikonkuransen blir svekka. KLF har likevel ikkje gått imot oppkjøpet.


– Industrielt sett er det rett grep. Det er i utgangspunktet bra for alle at kostnadene går ned i slakterileddet, men over tid vil nok ein del bønder merke at det blir redusert trøkk i slakterikonkuransen, seier administrerande direktør Bjørn-Ole Juul-Hansen.

Han seier KLF ønska at ein annan aktør enn Nortura hadde kjøpt Prima Slakt sidan Nortura nå vil få enda større slaktevolum. I første omgang trur han ikkje prisen til bonden vil gå ned, men han stiller spørsmål ved kva som skjer på sikt. Forskar Ivar Pettersen på Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (Nifl) trur ikkje oppkjøpet vil ha store konsekvensar.

– Oppkjøpet kan ha noko å bety for konkuransen lokalt, men eg trur endringane vil ha marginal effekt for slakterimarknaden samla sett, seier han.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE

bjarne.aase@nationen.no



Bondemytte: Styrelciar Sveinung Svebestad i Nortura seier bønder over heile landet vil dra nytte av at slakterikostnadene går ned.

FOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE